

**Imponerende innsats i Nordisk Meisterskap!**

20.08.2013

**Ein del har sikkert lagt merke til at Thea Ingebjørg Gjertsen (19) har vore ofte ute på treningstur når ho har vore heime i Uskedalen. Mange har treft henne på sykkel- og løpeturar, og nokre har observert henne på lange symjeturar i Beinavikjo i sommar. Det er ikkje utan grunn!! I helga deltok ho nemleg i Nordisk Meisterskap i det som er noko av det tøffaste av alle idrettar, - nemleg triathlon.**

Ho deltok i Nordisk Meisterskap for junior. Det føregjekk i Tønsberg, og meisterskapen vart arrangert som ein del av Tønsberg By Triathlon med heile 311 deltakarar. I juniormeisterskapen deltok 18 jenter og 21 gutar frå Norge, Sverige, Danmark, Finland og Estland.

Det er ein knalltøff idrett Thea Ingebjørg driv. Det starta med 750 meter symjing, før dei heiv seg på sykkelen og sykla 20km. Dei avslutta så med 5 km løping. Thea Ingebjørg Gjertsen gjennomførte dette på imponerende 1t 20 min og 32 sek. Det heldt til 14.plass i meisterskapen. Vinnar vart stortalentet Lotte Miller frå Stavanger på 1.04.32. Thea Ingebjørg representerer Åsane Cykkelklubb.

Det vert meldt om solskin og god stemning under arrangementet. Publikum stod som sild i tønne og ein ivrig og dugande speaker underheldt alle undervegs.



Spreke Thea Ingebjørg fotografert saman med far Jan og mor Anne Karin for 6 år sidan.(Foto: Ola Matti Mathisen)  
Av: Thor Inge Døsland